



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 06.03.2018
Vår ref.: 2016/2284-10
Saksbehandlar: BEALIND1
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap Hordaland fylkeskommune eig

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har i sak 21/2018 «Retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig» vedteke retningsliner for arkiv og offentlegheit som gjeld dei selskapa som er omtala i vedtaket.

Vi ber om at selskapa som er omfatta av vedtaket gjer ei dokumentert vurdering av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring. Frist for oversending av dokumentert vurdering er 15. mai 2018.

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok i møte 14.12.2016 i sak 92/2016 «Selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap – Revisjonsrapport» at det skulle arbeidast fram retningsliner for arkiv og offentlegheit for selskap fylkeskommunen eig etter at det vart gjennomført selskapskontroll tinga av Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Retningslinene er utarbeidd med tanke på dei selskapa som er omfatta av regelverket i arkivlova, offentleglova og kommunelova.

Spørsmål om retningslinene kan rettast til Beate Bergsholm på epost beate.bergsholm@hfk.no. Denne adressa kan og nyttast for innsending av vurdering av arkiv og journalføring.

Vedlegg:

1. Retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Beate Bergsholm
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.